

# Protokoll

---

STUDENTTINGSMØTE03/24 – 04.- 05.05.2024

Protokollførere:


Trond Ødegård (organisasjonskonsulent)

Anna Emilie Hagen (organisasjonskonsulent)

Siv Stavang Aune (organisasjonskonsulent)

Protokollunderskrivere:

Sign:



Aurora Victoria Farkås

Sign:



Mattis Munkvold Rovik

Studenttinget på Vestlandet

INNDALESVEIEN 28 – 5063 BERGEN | WWW.STVL.NO

Oppropsliste 04.05.2024

---

**Arbeidsutvalet:** Khiem Nguyen, Josefine Franck-Ring, Alexander Papas, Jobbjørn Myren, Mathias Havnen Tønnessen, Henrik Haug, Ariel Framvik.

**ST-representanter:** Aurora Victoria Farkas, Ole Jakob Nøss Aune, Amalie Syre Sveinvold (supplert inn 0910 laurdag), Joakim Bjørnevoll Træen, Andrea Grutle, Sander Skogøy Håland, Elisabeth Sabadash Kalvatn, Oda Nordaas Solheim, Alexander Dalseth Bruvik, Inga-Hedvig Voster Vannes, Kristina Hop, Mattis Munkvold Rovik, Angelika Haugsdal, Joar Våge Anspach, Gabriel Shuler.

**Kontrollkomiteen:** Ingrid Solberg, Morten Stene, Synne Seim Helleland (frå 12.50).

**Gjestar:** Frida Lunde Høisæther (Høgskulestyret), Kai Holdnes Jørgensen (Høgskulestyret), Siver Myksvoll-Rannestad (Sammenstyret), Hanne-Agnethe Holmedal (Velferdstinget Vest), Helene Lohne, Ingeborg Bjørke, Jelle Sebastian Bruin, Roy Martin A. S. Pedersen, Janne Fagerland Sjursen, Tuva Brady Normanseth (AU-UiB), Max Henrik Arvidsson (NSO), Bettina Henriette Strand Vik (innstillingskomiteen), Bjørn Olav Østeby, Henrik Tjore (Sammen studentliv), Sander Michael Ringstad (VT Vest).

**Møtesekretariat:** Sjur Selsvik, Anna Emilie Hagen, Trond Ødegård, Siv Stavang Aune.

Oppropsliste 05.05.24

---

**Arbeidsutvalet:** Khiem Nguyen, Josefine Franck-Ring, Alexander Papas, Jobbjørn Myren, Mathias Havnen Tønnessen, Henrik Haug, Ariel Framvik.

**ST-representanter:** Aurora Victoria Farkas, Ole Jakob Nøss Aune, Amalie Syre Sveinvold, Joakim Bjørnevoll Træen, Andrea Grutle, Oda Nordaas Solheim, Alexander Dalseth Bruvik, Inga-Hedvig Voster Vannes, Kristina Hop, Mattis Munkvold Rovik, Angelika Haugsdal, Joar Våge Anspach, Gabriel Shuler, Vegard Økland (digitalt)

**Kontrollkomiteen:** Morten Stene, Synne Seim Helleland (til 0940), Ingrid Solberg (frå 0920).

**Gjestar:** Roy Martin A. S. Pedersen, Janne Fagerland Sjursen, Max Arvidsson, Chris Kenneth Gudmundson, Janne Fagerland Sjursen, Tobias Alexander Slettemyr Jetmundsen, Linn Karin Østgulen, Liliya Novosad, Siver Myksvoll-Rannestad.

**Møtesekretariat:** Sjur Selsvik, Anna Emilie Hagen, Trond Ødegård, Siv Stavang Aune

# STUDENTTINGSMØTE ST3/24

**Til:**

Faste representanter i Studenttinget  
Studentrepresentanter i høgskolestyret  
Møtesekretariatet

**Kopi:**

Vararepresentanter, Rektoratet  
Studentombodet, Sammen, Velferdstinget Vest,  
Andre studentorganisasjoner

**Møtestart:** 04.05.2024. 09.00

**Møteslutt:** 05.05.2024. 13.30

**Sted:** Campus Bergen

## Formøte til ST3/24

Det avholdes digitalt formøte før ST3-24, tirsdag 30.04.2024 kl.15.00. Bli med! Link til Zoom [HER](#).  
**Passordet er Hyrule.**

## Praktisk informasjon

Tilreisende deltakere tilbys overnatting fra fredag.

## Sofaprat med kandidater

Fredag kveld skal vi bli bedre kjent med kandidatene til Arbeidsutvalget og Høgskolestyret, og høre hvorfor de stiller til valg for å representere studentene. Det vil også bli mulighet til å stille kandidatene spørsmål. Etter sofapraten blir det servert middag. Sofapraten foregår på campus, rom M130/131, og begynner klokka 18.00. Ordstyrer er Kaja Ingdal Hovdenak (nyvalgt leder av NSO).

## Refusjon

Utlegg i forbindelse med mat vil bli refundert i henhold til økonomireglementet til STVL. Skjema for refusjon av utlegg ligger på nettsidene våre under <https://www.stvl.no/okonomi>.  
<https://www.stvl.no/soke-refusjon>Husk å ta vare på originalkvitteringene, da utlegg må dokumenteres. Husk også å oppgi i skjemaet hvilket møte/anledning refusjonen er i forbindelse med.

## Endringsforslag

Har du endringsforslag til noen av sakene? [Fyll ut skjema](#) for endringsforslag. Innkomne endringsforslag kan du lese [her](#).

Vennlig hilsen  
Arbeidsutvalget v/leder Henrik Haug  
Studenttinget på Vestlandet



## Innholdsfortegnelse

Forslag til dagsorden og tidsplan .....	2
38-24 Møtekonstituering (V) .....	4
39-24 Suppleringsvalg til Studenttinget (V) .....	6
40-24 Orienteringer (O) .....	7
41-24 God digital undervisning (V) .....	8
42-24 Studentenes spørretime (D) .....	11
43-24 Val av leiar til Arbeidsutvalet (V) .....	12
44-24 Val av medlemmar til Arbeidsutvalet (V) .....	14
45-24 Val til Høgskulestyret (V) .....	16
46-24 Val til Kontrollkomitéen (V) .....	18
47-24 Val til Læringsmiljøutvalet (V) .....	20
48-24 Val til Nemnd for studentsaker (V) .....	22
49-24 Val til Råd for likestilling, mangfald og inkludering (V) .....	24
50-24 Val til Skikkavurderingsnemnda (V) .....	26
51-24 Val til Tilsetjingsutval for fagleg-administrative leiarstillinger (V) .....	28
52-24 Ettergodkjenning av høyringssvar til Direktorat for høgare utdanning og kompetanse (V).....	30
53-24 Godkjenning av forslag til ny samarbeidsavtale (V) .....	31
54-24 Revidering av HVL sitt kvalitetssystem (D) .....	33
55-24 Eventuelt (D) .....	35
Møteevaluering.....	36

## Forslag til dagsorden og tidsplan

O = Orienteringssak, V = Vedtakssak, D = Diskusjonssak

Fredag 05.05.2023	
Forløpende	Studentttingsrepresentantene ankommer Bergen. Aller helst senest kl.17.00
18.00	Sofaprat med middag

LØRDAG 06.05.2023		
START	SAK	TID
09.00	Velkommen v/leiar Henrik Haug	5 min
09.05	38-24 Møtekonstituering	15 min
09.20	39-24 Supplering av Studenttinget	20 min
09.40	40-24 Orienteringer (O)	20 min
10.00	Pause	10 min
10.10	41-24 God digital undervisning (V)	30 min
10.40	42-24 Studentenes spørretime (D)	60 min
11.40	Lunsj	50 min
12.20	Omvisning på campus	30 min
12.50	43-24 Val av leiar til Arbeidsutvalet (V)	45 min
13.35	Pause	15 min
13.50	44-24 Val av medlemar til Arbeidsutvalet (V)	90 min
15.20	Pause	15 min
15:35	45-24 Val til Høgskulestyret (V)	45 min
16:20	Møteslutt	
19.00	Middag	
20.00	Sosialt	

SØNDAG 07.05.2023		
START	SAK	TID
09.00	Møtestart	
09.00	46-24 Val til Kontrollkomitéen (V) 47-24 Val til Læringsmiljøutvalet (V) 48-24 Val til Nemnd for studentsaker (V) 49-24 Val til Råd for likestilling, mangfold og inkludering (V)	60 min
10.00	Pause	10 min
10.10	50-24 Val til Skikkavurderingsnemnda (V)	30 min

	51-24 Val til Tilsetjingsutval for fagleg-administrative leiarstillinger ved HVL (V)	
10.40	52-24 Ettergodkjenning høyringsvar til Direktorat for høgare utdanning og kompetanse (V)	20 min
11.00	Pause	10 min
11:10	53-24 Samarbeidsavtale (V)	40 min
11:50	Pause	10 min
12:00	54-24 Revidering av HVL sitt kvalitetssystem (D)	60 min
13:00	55-24 Eventuelt	20 min
13:20	Møteevaluering	10 min
13.30	Varm lunsj / møteslutt søndag	

## 38-24 Møtekonstituering (V)

### 38.1 GODKJENNING AV INNKALLING

#### Arbeidsutvalgets innstilling

Innkallingen godkjennes.

Innkallinga blei godkjent.

### 38.2 VALG AV MØTELEDELSE

Ordstyrer skal lede møtet, og er ansvarlig for hvordan møtet blir gjennomført.

#### Arbeidsutvalgets innstilling

Sjur Selsvik velges som ordstyrer.

Sjur Selsvik blei valt som ordstyrar.

### 38.3 GODKJENNING AV PROTOKOLLFØRERE

#### Arbeidsutvalgets innstilling

Siv Stavang Aune, Anna Emilie Hagen og Trond Ødegård godkjennes som protokollførere.

Siv Stavang Aune, Anna Emilie Hagen og Trond Ødegård blei godkjent som protokollførere.

### 38.4 VALG AV PROTOKOLLUNDERSKRIVERE

Protokollunderskriverne skal godkjenne møteprotokollen i ettertid, og påpeke eventuelle mangler eller uklarheter. Det er kun studenttingsmedlemmer som kan velges til dette.

#### Arbeidsutvalgets innstilling

xxxx og yyyy velges til protokollunderskrivere.

Aurora Victoria Farkas og Mattis Munkvold Rovik blei valt til protokollførere.

### 38.5 GODKJENNING AV SAKSLISTE

Oppmelding av saker til eventuelt.

#### **Arbeidsutvalgets innstilling**

Saklisten godkjennes med saker meldt opp til eventuelt.

Saklisten blei godkjent utan saker meldt opp til eventuelt.

### 38.6 GODKJENNING AV TIDSPLAN

#### **Arbeidsutvalgets innstilling**

Tidsplanen godkjennes.

Tidsplanen blei godkjent.

Det leggst til i protokoll: Studenttinget vedtok å gi gjestar talerett i møtet.



## 39-24 Suppleringsvalg til Studenttinget (V)

### Definisjonar

STVL	Studenttinget på Vestlandet
ST	Studenttingsmøte
AU	Arbeidsutvalet

### Vedlegg

[Innsendte kandidatskiema](#)

### Formål med saka

Supplere vararepresentantar til å sitte i Studenttinget.

### Sakspresentasjon

Det skal veljast vararepresentantar til Studenttinget.

Varigheit: Frå ST3 2024 med umiddelbar verknad etter valet er gjennomført, til 31. desember 2024.

### Informasjon om vervet

Som vararepresentant i Studenttinget kan du bli kalla inn til Studenttingsmøtar viss ikkje alle dei faste representantane kan møte. Som representant i eit Studenttingsmøte snakkar du for studentane ved HVL, og er ein av 20 representantar som snakkar for studentmassen ved HVL. Som vararepresentant er du pliktig å svare i skjema for påmelding.

Kandidaturet til vedkommande som stiller må være AU i hende 7 dagar før møtet (laurdag 27/4 kl 09.00).

### Saksbehandlar si innstilling

*XX vert valt som fast representantar til Studenttinget med umiddelbar verknad.*

*XY vert valt som vararepresentantar til Studenttinget med umiddelbar verknad.*

Amalie Syre Sveinvold var førehandsmeldt kandidat. Kandidaten heldt valtale.

Amalie Syre Sveinvold blei på akklamasjon valt som fast representant til Studenttinget med umiddelbar verknad.

## 40-24 Orienteringer (O)

### Vedlegg

- 1 [Orienteringer](#)

### Formål

- 2 Orienterer Studenttinget om hva som har skjedd siden sist møte.

### Sakspresentasjon

- 3 Det vil være mulig å stille spørsmål til de skriftlige og muntlige orienteringene under saken. Alle
- 4 studenter ved Høgskulen på Vestlandet, samt organisasjoner som fast orienterer Studenttinget, kan
- 5 sende inn skriftlige orienteringer til studenttingsmøtet.

### Arbeidsutvalgets innstilling

- 6 Studenttinget ser seg orientert i orienteringene som er gitt.
- 7
- 8 Henrik Haug og Khiem Nguyen frå Arbeidsutvalet orienterte munnleg.
- 9 Siver Myksvoll-Rannestad frå Sammenstyret orienterte munnleg. Studenttinget stilte
- 10 spørsmål, styrerepresentanten svarte.
- 11 Frida Lunde Høisæther og Kai Holdnes Jørgensen frå Høgskulestyret orienterte munnleg.
- 12 Studenttinget stilte spørsmål, styrerepresentantane svarte.
- 13 Hanne-Agnethe Holmedal frå Velferdstinget Vest orienterte munnleg.
- 14 Studenttinget såg seg orientert i orienteringane som vart gitt.

## 41-24 God digital undervisning (V)

### Definisjoner

STVL	Studenttinget på Vestlandet
HVL	Høgskulen på Vestlandet
ALU	Avdeling for utvikling av læring og undervisning

### Vedlegg

[Endelig innkalling ST5](#)

[Digital undervisning ol. - tilbakemeld fra studentene](#)

[NTNU wiki Hybrid Undervisning](#)

### Formål med saken

Fremje forslag om betring av digital undervisning på HVL, gjennom å tilby anbefalt hybrid undervisningsdesign.

### Sakspresentasjon

Sak 98-22 på side 9 på ST5 i 2022 Studenttinget var det ei sak knytt opp til digital undervisning der det var ynskja tilbakemeldingar frå Studenttinget om korleis ein skal legge til rette for ein god digital undervisningsmetode innad i HVL. Under denne diskusjonen kom det fram at Studenttinget meinte mykje og forskjellig. Noko som sto ut var at nokre studentar lærte godt av digital asynkron undervisning, men at det foretrukne alternativet er fysisk undervisning.

Per dags dato er det framleis mange studieretningar som pregast av delvis digital undervisning og HVL vil fortsette å satse på det for å kunne tilby fleire alternativ på alle campus. Ofte deltek studentar digitalt i ei forelesning frå eit anna campus. Enkelte semester har så stor del digital undervisning at studentar velgje å ikkje møte opp på campus, eller flytte vekk frå studiestaden. Dette resulterer i dårlegare klassemiljø og mindre trivsel bland studentane både for dei som velgje å møte, og dei som ikkje møte i klasserommet.

Det har vore rapportert frå klassesillitsvalgte studentar at terskelen for å kontakte forelesar undervegs i ei fysisk forelesning filma frå eit anna campus er veldig stor. Som resultat har digitale studentar ei oppfatning om at dei ikkje har tilstrekkeleg og lik tilgang til underviser som fysiske studentar.

I dialog med prorektor for utdanning Anne Grethe Naustdal og medlem av ALU Glenn Tjerland, har det blitt uttrykt av at det er mangel på oppfølging av oppsett av digital undervisning slik det er i dag, samt at det er behov for å gi forelesarar verktøy og kompetanse for å gjennomføre god digital undervisning. Noko som vil bidra for å gi den digitale studenten eit likeverdig tilbod. Basert på ein artikkel på NTNU sin wiki knytt til hybridundervisning, jobba vi med å bygge opp konsept for god hybrid undervisningsdesign- Her er nokre av desse:

- Tilstreккеleg og lik tilgang til underviser(e) for alle studentar
  - Det kan være ynskjeleg at forelesar setter opp tidspunkt der den kan møte fysisk eller sette av faste tidspunkt i veka der ein er tilgjengeleg for å ringast opp av studenten.
- Tilrettelegging for studentaktiv læring tilrettelagt for både fysiske og digitale studentar.
  - HVL kan satse på å bygge rom som gjer det mogleg å drive god aktiv undervisning for digitale studentar. Desse romma kan ha arbeidsplassar med tilgang til ekstra skjermar og høyretelefonar for betre arbeidsflyt og god kommunikasjon med forelesar.
  - Legge opp til bruk av digitale verktøy som Mentimeter og Kahoot, samt andre løysingar som tilbyr interaksjon for studentane.
  - Splitte studentar opp i "Zoomrom" for å kunne diskutere seg i mellom og ha foreleser hoppe i mellom for å svare på spørsmål.
- Tydeleg kommunikasjon og forventningsavklaring overfor studentar før, under og etter planlagde øktar.

### Saksbehandlars vurdering

Saksbehandlar ser det som nødvendig for studentdemokratiet å gi eit klart ynskje om å utbetre digital undervisning. Det er viktig at HVL bygger gode rammer rundt den digitale undervisninga og har ressursar som er med å hjelpe og inspirere forelesarar til å legge opp til eit godt hybrid undervisningsdesign. Ved å vedta at HVL skal opprette retningslinjer for god undervisning, basert på forslaga nemnt i sakspretasjonen og NTNU sin wiki knytt til hybrid undervisning punkt to "Planlegging av hybrid undervisning", og legge opp til attraktive digitale arbeidsstasjonar vil dette være med å styrke HVL sitt digitaliseringsprosjekt.

### Arbeidsutvalget sin innstilling

- *Det skal opprettast hjelpemidlar for forelesarar som skal legge opp til hybrid undervisning.*
- *HVL skal bygge ut gode datalabbar som legger opp til betre arbeidsflyt og god kommunikasjon med forelesar ved digitalt undervisningsopplegg.*

**Innsende endringsforslag:**

Føreslått av	Endring frå + kvar i teksten	Endring til	Grunngjeving for forslaget	Vedtatt
Sander Skogøy Håland	Tilleggsforslag	HVL skal være offensive på digital undervisning og bruke nye og innovative verktøy som er aktiverer studentene.	HVL skal være på fronten når det kommer til digital undervisning. De verktøyene som forelesere bruker idag er ikke gode nok og skaper lite studentaktivitet.	Vedtatt.
Gabriel Shuler	Tilleggsforslag Arbeidsutvalget sin innstilling	Opptak av forelesninger, og dermed mer fleksibilitet til digital undervisning	Jeg ønsker at dette skal tas med grunnet at man bør kunne har mer frihet til å se gjennom pensum i det tempoet man ønsker. Fra min erfaring finnes dette en del av fra før, men mitt ønske er at dette blir utbredt som standarden blant lektore som driver med digital undervisning	Vedtatt
Ole Jakob Aune	Tilleggsforslag	Ønsker solid opplæring fra IT avdelingen til forelesere som trenger det.	Digital forelesning er en billig måte for høyskoler/universiteter å få mange flere master og bachelorstudenter. Da er minstekravet gode forelesninger.	Vedtatt

*Forslaget blei einstemmig vedtatt med dei endringane som framkom i møtet.*

## 42-24 Studentenes spørretime (D)

### Definisjoner

**STVL** Studenttinget på Vestlandet

**HVL** Høgskolen på Vestlandet

### Vedlegg

[Spørsmålsskjema](#)

### Formål med saken

Studenttinget får anledning til å stille Rektor, Gunnar Yttri, spørsmål.

### Sakspresentasjon

I år, som i fjor, får vi besøk av rektor Gunnar Yttri. Rektor får 10 minutt til å innlede saken, og deretter oppfordres Studenttinget til å stille spørsmål til Rektor. Relevante ting som det går an å spørre om er saker som gjelder *hele* HVL. For eksempel åpningstider, prioriteringer innen forskning, strategi, bærekraft og internasjonalisering.

Dersom det er ønskelig kan spørsmål også sendes skriftlig via [dette skjemaet](#), så vil disse bli lest opp av Arbeidsutvalget eller ordstyrer på møtet.

### Saksbehandlers vurdering

Direkte dialog mellom Studenttinget og Rektor er en gyllen mulighet til å utfordre, samtidig som det bygger tillitt mellom HVL og STVL.

### Saksbehandlers innstilling

Det fattes ikke vedtak i diskusjonssaker

## 43-24 Val av leiar til Arbeidsutvalet (V)

### Definisjonar

- 1 **STVL** Studenttinget på Vestlandet
- 2 **HVL** Høgskulen på Vestlandet
- 3 **AU** Arbeidsutvalet

### Vedlegg

- 4 [Kandidatskjema](#)
- 5 [Innstilling frå innstillingskomiteen](#)

### Føremål med saka

- 6 Velja leiar av arbeidsutvalet (AU) i Studenttinget på Vestlandet.

### Sakspresentasjon

- 7 **Honorar:** Lønstrinn 28 i staten.

- 8 **Varigheit:** 1. juli 2024 til 31. juli 2025.

9 **Informasjon om vervet:** Der Studenttinget kan samanliknast med Stortinget, kan AU samanliknast  
10 med Regjeringa. Studenttinget vedtek politikken, medan AU har ansvar for den daglege drifta og  
11 arbeider med politikken som Studenttinget vedtek. AU har kontorplass ved alle campus og er tett  
12 på studiemiljøa ved HVL.

13 Leiar er HVL-studentane sin studentleiar. Det er eit 100% verv og kan ha fast kontorplass på den  
14 campusen hen ønskjer. Leiar har det overordna ansvaret for organisasjonen, og er Studenttinget sitt  
15 ansikt utad. Som leiar er det mykje spennande møteverksemd, reising, representasjon og sosialt, i  
16 tillegg til mange ordinære arbeidsdagar på kontor

17 Leiar har eit særleg høve til å setja agendaen i Studenttinget på Vestlandet, og har mykje innsyn i  
18 organisasjonen og drifta til høgskulen. Ein av dei viktigaste møtearenaene leiar møter i, er Topplesiinga  
19 ved HVL. Gjennom denne og andre arenaer arbeider leiar politisk og organisatorisk med å forstå HVL,  
20 få dei til å forstå oss, og finne kompromiss som gjer at Studenttinget sin politikk blir følgd opp av HVL.

21 Leiar arbeider ikkje åleine, men med seks AU-medlemmar og tre organisasjonskonsulentar. Leiar har  
22 personalansvar for AU, og har også eit ansvar knytt til arbeidsmiljøet. Ein treng ikkje kunna alt for å  
23 vera ein god leiar, men erfaring frå organisasjon og liknande arbeid er ein fordel.

24 Avtroppande og påtroppande arbeidsutval dreg på overlappstur til Voss 19.-21. juni 2024, der det  
25 vil bli gjeve ein del opplæring, og der det nye arbeidsutvalet konstituerer seg sjølv med  
26 ansvarsområde og vel ein nestleiar.

### **Sakshandsamar si vurdering**

27 Sakshandsamar rår Studenttinget til å velja ein leiar av arbeidsutvalet for perioden 2024-25.

### **Arbeidsutvalet si innstilling**

28 *XX blir valt som leiar av Arbeidsutvalet i Studenttinget på Vestlandet for perioden 2024-25.*

29

30 *Kandidatane heldt valtale.*

31 *Kandidatane svarte på spørsmål frå Studenttinget.*

32

33 *Andrea Grutle blei valt som leiar av Arbeidsutvalet i Studenttinget på Vestlandet for perioden*  
34 *2024-25.*



## 44-24 Val av medlemmar til Arbeidsutvalet (V)

### Definisjonar

- |   |      |                             |
|---|------|-----------------------------|
| 1 | STVL | Studenttinget på Vestlandet |
| 2 | AU   | Arbeidsutval                |
| 3 | HVL  | Høgskulen på Vestlandet     |

### Vedlegg

- 4 [Kandidatskjema](#)  
5 [Innstilling frå innstillingskomiteen](#)

### 6 Føremål med saka

- 7 Velja seks medlemmar til arbeidsutvalet (AU) i Studenttinget på Vestlandet (STVL).

### Sakspresentasjon

- 8 **Honorar:** Lønnstrinn 26 i staten.

- 9 **Varigheit:** frå 1. juli 2024 til 31. juli 2025.

- 10 **Informasjon om vervet:** Hovudoppgåva til AU er å stå for Studenttinget si daglege drift, og fremja  
11 politikken Studenttinget vedtek. AU representerer studentstemma i ulike samanhengar, driv  
12 møteverksemd, planlegg studenttingsmøter, promoterer Studenttinget, reiser til ulike campus, og  
13 representerer studentane ved HVL både lokalt, regionalt og nasjonalt.

- 14 Arbeidsutvalet fordeler ansvarsområde internt, og desse varierer litt frå år til år. Det er hovudsakleg  
15 100 %-medlemmane som har eigne ansvarsområde. I inneverande har ein hatt:

- 16 - Fag- og forskingspolitisk ansvarleg  
17 - Læringsmiljø- og inkluderingspolitisk ansvarleg  
18 - Velferd- og internasjonalsiseringspolitisk ansvarleg  
19 - Rekruttering-, promotering- og berekraftspolitisk ansvarleg

- 20 Avtroppande og påtroppande arbeidsutval dreg på overlapstur til Voss 19.-21. juni 2024, der det  
21 vil bli gjeve ein del opplæring, og der det nye arbeidsutvalet konstituerer seg sjølv med  
22 ansvarsområde og vel ein nestleiar.

- 23 Det skal veljast:

- 24 - 2 x 100%-medlemmar i Bergen  
25 - 1 x 30% og 1 x 100% i Førde eller Sogndal (her må det veljast ein frå kvar campus)

26 - 1 x 30% og 1 x 100% på Stord og/eller i Haugesund

27 Det er ønskjeleg at AU er representerte ved alle campusar.

### Sakshandsamar si vurdering

28 Sakshandsamar rår Studenttinget til å velja AU-medlemmar for perioden 2024-25.

29

### Arbeidsutvalet si innstilling

30 *Følgjande blir valt til arbeidsutvalet i Studenttinget på Vestlandet i perioden 2024-25:*

31 *xx – 30% Førde eller Sogndal*

32 *xx – 100% Førde eller Sogndal*

33 *xx – 100% Bergen*

34 *xx – 100% Bergen*

35 *xx – 30% Stord/Haugesund*

36 *xx – 100% Stord/Haugesund*

37

38 *Kandidatane heldt valtale.*

39 *Kandidatane svarte på spørsmål frå Studenttinget.*

40

41 *Følgjande blei valt til arbeidsutvalet i Studenttinget på Vestlandet i perioden 2024-25:*

42 *Joar Våge Anspach – 30% Sogndal*

43 *Oda Nordaas Solheim – 100% Førde*

44 *Aurora Victoria Farkas – 100% Bergen*

45 *Mattis Munkvold Rovik – 100% Bergen*

46 *Roy Martin Pettersen – 30% Haugesund*

47 *Vegard Økland – 100% Stord*

48

49

## 45-24 Val til Høgskulestyret (V)

### Definisjonar

- 1 STVL Studenttinget på Vestlandet  
2 HVL Høgskulen på Vestlandet

### Vedlegg

- 3 [Informasjon om styret på høgskulen sin nettstad](#)  
4 [Informasjon om styret i universitets- og høgskulelova](#)  
5 [Kandidatskjema](#)  
6 [Innstilling frå innstillingskomiteen](#)

### 7 Føremål med saka

- 8 Velje to styremedlemmar og fire varamedlemmar til høgskulestyret.

### Sakspresentasjon

- 9 **Honorar:** Vervet er honorert med fast honorar til faste medlemmar, i tillegg til møtehonorar, etter  
10 satsane som sett av Kunnskapsdepartementet.

- 11 **Varigheit:** 1. august 2024 til 31. juli 2025

### 12 Informasjon om vervet

Høgskulestyret er det øvste avgjerande organet ved Høgskulen på Vestlandet. Styret har ansvar for at all verksemd held høg kvalitet, og skal sikra effektiv drift i samsvar med dei lover og reglar, rammer og mål som sentrale styremakter har sett. Styret består av 11 medlemmar, som er normalmodellen for styresamansetting etter universitets- og høgskulelova. Høgskulestyret består av fire medlemmar frå undervisings- og forskingspersonale, to frå studentane, eit medlem frå teknisk-administrativt tilsette og fire eksterne styremedlemmar som er oppnemnde av Kunnskapsdepartementet.

- 13 Det skal veljast to faste medlemmar, ein mannleg og ein kvinneleg student. Det skal også veljast to  
14 nummererte varamedlemmar per faste medlem.

### Sakshandsamar si vurdering

- 15 Sakshandsamar rår Studenttinget til å velja medlemmar og varamedlemmar til høgskulestyret.

16

17

## Arbeidsutvalet si innstilling

- 18 *XY blir valt som fast kvinneleg medlem*  
19 *XX blir valt som fast mannleg medlem*  
20 *XX og XX blir valde som mannlege varamedlemmar*  
21 *XY og XY blir valde som kvinnelege varamedlemmar*  
22  
23 *Kandidatane heldt valtale.*  
24 *Kandidatane svarte på spørsmål frå Studenttinget.*  
25  
26 *Frida Lunde Høisæther blei valt som fast kvinneleg medlem*  
27 *Jelle Sebastian Bruin blei valt som fast mannleg medlem*  
28 *Janne Fagerland Sjursen blei valt som 1. kvinnelege varamedlem*  
29 *Herman Lieberg Christoffersen blei valt som mannleg varamedlem*  
30 *Linnéa Solvang blei valt som 2. kvinnelege varamedlem*  
31  
32  
33  
34

## 46-24 Val til Kontrollkomitéen (V)

### Definisjonar

- 1 STVL Studenttinget på Vestlandet  
2 HVL Høgskulen på Vestlandet

### 3 Vedlegg

4 [Kandidatskjema](#)

5

### 6 Føremål med saka

**Det skal veljast 3 faste medlemmar og 3 nummererte varamedlemmar til kontrollkomiteen i Studenttinget på Vestlandet.**

### Sakspresentasjon

7 **Honorar:** 1000 kroner per møtedag, i samsvar med Studenttinget sitt økonomireglement.

8 **Varigheit:** 1. juli 2024 til 30. juni. 2025

9

10 **Informasjon om vervet:** Kontrollkomiteen har som hovudoppgåve å sjå til at møteverksemda i STVL  
11 blir utført i tråd med gjeldande styringsdokument. Kontrollkomiteen er dermed med på alle møta i  
12 Studenttinget, og har mellom anna ansvar for å organisera val i møte. Val til Kontrollkomiteen er  
13 unnateke §1-2 *Vilkår for kandidatar til val* i Valreglementet og treng derfor ikkje vera tekne opp til  
14 studieprogram eller emne ved HVL for å vera valbare.

### Sakshandsamar si vurdering

15 Sakshandsamar rår Studenttinget til å velja medlemmar og varamedlemmar til kontrollkomiteen.

16

### Arbeidsutvalet si innstilling

17 *XX, XX og XX blir valde som faste medlemmar til kontrollkomiteen.*

18 *XX, XX og XX blir valde som varamedlemmar til kontrollkomiteen.*

19

20 *Kandidatane heldt valtale og ordstyrar leste opp kandidaturet til kandidatane som ikkje var*  
21 *til stades.*

22 *Kandidatane svarte på spørsmål frå Studenttinget.*

23

24 *Alexander Dalseth Bruvik, Khiem Nguyen og Mathias Havnen Tønnessen blei valde som faste*  
25 *medlemmar til kontrollkomiteen.*

26  
27 *Ruth Emilie Skjærvik Nygård blei valt som 1. varamedlem til kontrollkomiteen.*

28 *Linnéa Solvang blei valt som 2. varamedlem til kontrollkomiteen*

29 *Chris Kenneth Gudmundson blei valt som 3. varamedlem til kontrollkomiteen.*

30

31

## 47-24 Val til Læringsmiljøutvalet (V)

### Definisjonar

32	STVL	Studenttinget på Vestlandet
33	LMU	Læringsmiljøutvalet
34	HVL	Høgskulen på Vestlandet

### Vedlegg

35	<a href="#">Om læringsmiljøutvalet på høgskulen sin nettstad</a>
36	<a href="#">Om læringsmiljøutvalet i universitets- og høgskulelova</a>
37	<a href="#">Kandidatskjema</a>

38

### Føremål med saka

40 Velja nye studentrepresentantar til læringsmiljøutvalet.

### Sakspresentasjon

41 **Honorar:** Etter staten sine satsar (545 kr/t).

42 **Varigheit:** 1. august 2024 til 31. juli 2025.

43 Informasjon om vervet: I læringsmiljøutvalet blir det diskutert og vedteke saker som handlar om  
44 læringsmiljøet ved høgskulen. Døme på dette er saker som handlar om fysiske og digitale  
45 forelesningar, campusliv, og studieundersøkinga. Studentane i utvalet si oppgåve er å snakka for  
46 studentane si meining, og fremja kva studentane meiner i sakene. Utvalet har det ordinært fire  
47 møte i året, eitt fysisk kvart semester på eit av campusane til HVL og to digitale. Utvalet har fem  
48 studentmedlemmar (der arbeidsutvalet har eit fast medlem), og fem tilsettmedlemmar.

49 Det skal veljast til saman fire faste medlemmar til læringsmiljøutvalet, to av kvart kjønn. I tillegg  
50 skal det veljast fire nummererte varamedlemmar, to av kvart kjønn.

### Sakshandsamar si vurdering

51 Sakshandsamar rår Studenttinget til å velja medlemmar og varamedlemmar i læringsmiljøutvalet.

### Arbeidsutvalet si innstilling

52 *XY og XY blir valde som kvinnelege medlemmar i læringsmiljøutvalet.*

53 *XX og XX blir valde som mannlege medlemmar i læringsmiljøutvalet.*

54 *XY og XY blir valde som kvinnelege varamedlemmar i læringsmiljøutvalet.*

55 *XX og XX blir valde som mannlege varamedlemmar i læringsmiljøutvalet.*

56            *Arbeidsutvalet får suppleringsfullmakt.*

57

58            *Kandidatane heldt valtale og ordstyrar leste opp kandidaturet til kandidatane som ikkje var til*  
59            *stades.*

60            *Kandidatane svarte på spørsmål frå Studenttinget.*

61            *KK gjennomførte val på dei kvinnelege kandidatane.*

62

63            *Sander Skogøy Håland blei på akklamasjon valt som mannleg medlem i læringsmiljøutvalet.*

64            *Josefine Franck-Ring og Linn Karin Østgulen blei valt som kvinnelege medlemmar i*  
65            *læringsmiljøutvalet.*

66            *Liliya Novosad blei valt som kvinneleg varamedlem i læringsmiljøutvalet.*

67            *Arbeidsutvalet fekk suppleringsfullmakt.*



## 48-24 Val til Nemnd for studentsaker (V)

### Vedlegg

1 [Informasjon om Nemnd for studentsaker](#)

2 [Kandidatskjema](#)

### Føremål med saka

3 Velja to faste og to varamedlemmar til Nemnd for studentsaker ved Høgskulen på Vestlandet.

### Sakspresentasjon

4 **Varigheit:** Frå 1. august 2024 til 31. juli 2025.

5 **Honorar:** Vervet vert honorert etter staten sine satsar (545 kr/t).

6

7 **Informasjon om vervet:** Nemnd for studentsaker (tidlegare Klagenemnda) er eit lovpålagt organ,  
8 heimla i universitets- og høgskulelova. Nemnd for studentsaker har ein oppsett møteplan, men  
9 omfanget av vervet avheng av kor mange saker som kjem inn til nemnda. I praksis vil det være cirka  
10 eit møte i månaden.

11 Nemnd for studentsaker handsamar ei rekke saker, mellom anna saker som handlar om fusk, klage  
12 på enkeltvedtak, formelle feil på eksamen, skikkasaker etter innstilling frå skikkavurderingsnemnda  
13 og anna.

### Sakshandsamar si vurdering

14 Sakshandsamar rår Studenttinget til å velja medlemmar og varamedlemmar til Nemnd for  
15 studentsaker ved

### Arbeidsutvalet si innstilling

16 *XX blir valt som fast mannleg medlem til Nemnd for Studentsaker*

17 *XY blir valt som fast kvinneleg medlem til Nemnd for Studentsaker*

18 *XX blir valt som mannleg varamedlem til Nemnd for Studentsaker*

19 *XY blir valt som kvinneleg varamedlem til Nemnd for Studentsaker*

20 *Arbeidsutvalet får suppleringsfullmakt.*

21

22 *Kandidatane heldt valtale og ordstyrar leste opp kandidaturet til kandidatane som ikkje var til*  
23 *stades.*

24            *Kandidatane svarte på spørsmål frå Studenttinget.*

25            *KK gjennomførte val.*

26

27            *Alexander Papas blei valt som fast mannleg medlem til Nemnd for Studentsaker*

28            *Janne Fagerland Sjursen blei valt som fast kvinneleg medlem til Nemnd for Studentsaker*

29

30            *Maren Gullvåg Aasen blei valt som kvinneleg varamedlem til Nemnd for Studentsaker*

31            *Arbeidsutvalet fekk suppleringsfullmakt.*

## 49-24 Val til Råd for likestilling, mangfald og inkludering (V)

### Definisjonar

1	HVL	Høgskulen på Vestlandet
2	STVL	Studenttinget på Vestlandet
3	RLMI	Råd for likestilling, mangfald og inkludering
4		

### Vedlegg

- 5 [Rådet for likestilling, mangfald og inkludering](#)
- 6 [Kandidatskiema](#)

### Føremål med saka

- 8 Velje faste medlemmar og varamedlemmar til Rådet for likestilling, mangfald og inkludering (RLMI)

### Sakspresentasjon

- 9 **Varigheit:** 1. august 2024 til 31. juli 2025.
- 10 **Honorar:** Etter staten sine satsar (545 kr/t).
- 11 Informasjon om vervet: Føremålet med rådet er å fremja reell likestilling, mangfald og inkludering
- 12 ved Høgskulen på Vestlandet (HVL). RLMI skal hjelpe høgskulestyret og administrasjonen å vera
- 13 merksame på høve som kan leia til brot på lover og forskrifter om likestilling og diskriminering.
- 14 Rådet skal føreslå tiltak for å fremja likestilling, mangfald og inkludering, og ta initiativ til utgreiingar
- 15 om slike tiltak. Rådet er også eit internt kompetanseorgan som rådgjel eiinga i saker som handlar
- 16 om likestilling, mangfald og inkludering. LMI skal igjennom opplysningsarbeid, arbeida for å auka
- 17 forståinga og engasjementet for likestilling, mangfald og inkludering ved HVL. Det pleier å vera 1-2
- 18 møter i semesteret.
- 19 Det skal veljast to faste medlemmar til RLMI ein av kvart kjønn. Det skal også veljast to
- 20 varamedlemmar, ein av kvart kjønn.

### Sakshandsamar si vurdering

- 21 Sakshandsamar rår Studenttinget til å velja medlemmar og varamedlemmar til HVL sitt råd for
- 22 likestilling, mangfald og inkludering.

### Arbeidsutvalet si innstilling

- 23 *XY blir valt som fast kvinneleg medlem til Råd for likestilling, mangfald og inkludering*
- 24 *XX blir valt som fast mannleg medlem til Råd for likestilling, mangfald og inkludering*
- 25 *XY blir valt som kvinneleg varamedlem til Råd for likestilling, mangfald og inkludering*
- 26 *XX blir valt som mannleg varamedlem til Råd for likestilling, mangfald og inkludering*

27 *Arbeidsutvalet får suppleringsfullmakt.*

28

29 *Joakim Bjørnevoll Træen blei benka i møtet. Han stilte til val.*

30 *Kandidatane heldt valtale og ordstyrar leste opp kandidaturet til kandidatane som ikkje var til*  
31 *stades.*

32 *KK gjennomførte val på dei mannlege kandidatane.*

33

34 *Joakim Bjørnevoll Træen blei valt som fast mannleg medlem til Råd for likestilling, mangfald og*  
35 *inkludering.*

36 *Mari Bjelland blei på akklamasjon valt som kvinneleg varamedlem til Råd for likestilling,*  
37 *mangfald og inkludering.*

38

39 *Arbeidsutvalet fekk suppleringsfullmakt.*

40

## 50-24 Val til Skikkavurderingsnemnda (V)

### Definisjonar

- 41 STVL Studenttinget på Vestlandet  
42 HVL Høgskulen på Vestlandet

### Vedlegg

- 43 [Om skikkavurdering ved HVL](#)  
44 [Forskrift om skikkavurdering i høgare utdanning](#)  
45 [Kandidatskjema](#)

### Føremål med saka

- 46  
47 Velja medlemmar av skikkavurderingsnemnda.

### Sakspresentasjon

- 48 **Varigheit:** Frå 1. august 2024 til 31. juli 2025

- 49 **Honorar:** Etter staten sine satsar (545 kr/t).

50

- 51 **Informasjon om vervet:** Skikkavurderingsnemnda er eit lovpålagt organ. Nemnda sitt arbeid er  
52 regulert av forskrift om skikkavurdering i høgare utdanning. Skikkavurderinga skal sikra at barn,  
53 elevar, pasientar og brukarar av ulike tenester ikkje møter yrkesutøvarar som er uskikka for det  
54 yrket dei utdannar seg til. Nemnda tek altså stilling til kor vidt studentar som er meldt inn til  
55 nemnda er skikka til å halda fram på utdanninga si, og kva ein skal gjera for å sikra at studenten  
56 anten blir rådgjeve eller vist ut av utdanninga. Skikkavurderingsnemnda innstiller på saker til  
57 Nemnd for studentsaker.

Det skal veljast 2 faste medlemmar, ein mannleg og ein kvinneleg.

### Sakshandsamar si vurdering

- 58 Sakshandsamar rår Studenttinget til å velja medlemmar av skikkavurderingsnemnda.

59

### Arbeidsutvalet si innstilling

- 60 *XX blir valt som fast mannleg medlem til skikkavurderingsnemnda.*

- 61 *XY blir valt som fast kvinneleg medlem i skikkavurderingsnemnda*

- 62 *Arbeidsutvalet får suppleringsfullmakt.*

63

64 *Ordstyrar leste opp kandidaturet til kandidaten som ikkje var til stades.*

65

66 *Vilde Marie Ytrehus Solemdal blei på akklamasjon valt som fast kvinneleg medlem i*  
67 *skikkavurderingsnemnda.*

68 *Arbeidsutvalet fekk suppleringsfullmakt.*

## 51-24 Val til Tilsetjingsutval for fagleg-administrative leiarstillinger (V)

### Definisjonar

- 1 STVL Studenttinget på Vestlandet  
2 HVL Høgskulen på Vestlandet

### Vedlegg

- 3 [Om tilsettingsråd- og utval ved HVL](#)  
4 [Kandidatskjema](#)

5

### 6 Føremål med saka

- 7 Velja ein nytt studentmedlem til tilsetjingsutval for fagleg-administrative leiarstillingar ved  
8 Høgskulen på Vestlandet (HVL).

### Sakspresentasjon

- 9 **Honorar:** Etter statens satsar (545 kr/t).  
10 **Varigheit:** 1. august 2024 til 31. juli 2025.

### 11 Informasjon om vervet

- 12 Tilsetjingsutval for fagleg-administrative leiarstillingar gjer vedtak om tilsetting i fagleg-  
13 administrative leiarstillingar på nivå 3 og 4 i fakulteta. Leiarstilling på nivå 3 og 4 er instituttleiar og  
14 assisterande instituttleiar. Møte i tilsettingsråd og -utval er lukka, og sakspapira er unnateke  
15 offentlegheit dersom ikkje noko anna kjem fram i lovverket.

### Sakshandsamar si vurdering

- 16 Sakshandsamar rår Studenttinget til å velja medlem av tilsetjingsutvalet.

### Arbeidsutvalet si innstilling

- 17 *XX blir valt som medlem av tilsetjingsutvalet for fagleg-administrative leiarstillingar ved*  
18 *HVL.*

- 19 *AU får suppleringsfullmakt.*

20

- 21 *Alexander Papas stilte til val i møtet.*

- 22 *Kandidatane heldt valtale.*

- 23            *Alexander Papas blei valt som medlem av tilsetjingsutvalet for fagleg-administrative*  
24            *leiarstillingar ved HVL.*
- 25            *AU fekk suppleringsfullmakt.*



## 52-24 Ettergodkjenning av høyringsvar til Direktorat for høgare utdanning og kompetanse (V)

### Definisjonar

1	STVL	Studenttinget på Vestlandet
2	AU	Arbeidsutvalget
3	ALU	Avdeling for utvikling av læring og undervising
4	HK-dir	Direktorat for høgare utdanning og kompetanse

### Vedlegg

5 [Høyringsvar til Direktorat for høgare utdanning og kompetanse](#)

### 6 Føremål med saka

7 Ettergodkjenna høyringsvaret arbeidsutvalet (AU) gav på vegne av Studenttinget på Vestlandet  
8 (STVL), saman med Avdeling for utvikling av læring og undervising ved Høgskulen på Vestlandet  
9 (HVL).

### Sakspresentasjon

10 I samband med revidering av ny universitets- og høgskolelov skal også forskriftene til lova  
11 reviderast. Direktorat for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) har hatt ansvar for revideringa  
12 av forskrift om undervisings- og forskingsstillinar og rekrutteringsstillingar. Denne forskrifta handlar  
13 mellom anna om kva for krav det skal stillast til undervisarar ved høgskular og universitet i Noreg.

14 Høyringsvaret er skrive med utgangspunkt i STVL sin politikk når det gjeld kompetanse hjå  
15 undervisarar og innspel som Studenttinget sjølv har komme med når det gjeld forventingar til  
16 undervisarar, i tillegg til dei faglege innspela frå ALU. Høyringsvaret blei skrive i byrjinga av april.  
17 Arbeidsutvalet fekk gå igjennom og komma med sine kommentarar, før det blei sendt til  
18 direktoratet.

### Sakshandsamar si vurdering

19 Sakshandamar si vurdering er at ALU sine innspel og STVL sin politikk samanfell, og ser det derfor  
20 som fornuftig at det blei sendt inn eit felles høyringsvar til direktoratet om eit tema som er svært  
21 viktig for HVL-studentane. Sidan høyringsfristen var sett til 19. april, var det ikkje høve for  
22 sakshandsamar å senda høyringsvaret til Studenttinget for førehandsgodkjenning. Derfor blir det  
23 lagt fram for ettergodkjenning på det første møte etter innsending. Sakshandsamar rår  
24 Studenttinget til å ettergodkjenna høyringsvaret.

### Arbeidsutvalet si innstilling

25 *Studenttinget ettergodkjenner høyringsvaret.*

26 *Studenttinget ettergodkjente einstemmig høyringsvaret.*

## 53-24 Godkjenning av forslag til ny samarbeidsavtale (V)

### Definisjoner

1	STVL	Studenttinget på Vestlandet
2	ST	Studenttinget
3	AU	Arbeidsutvalget

### Vedlegg

- 4 [Forslag til ny samarbeidsavtale](#)
- 5 [Forslag til ny samarbeidsavtale \(Med endringer\)](#)
- 6 [Gjeldende samarbeidsavtale](#)

### Formål med saken

8 Studenttinget skal ta stilling til nytt forslag til samarbeidsavtale mellom Studenttinget på Vestlandet  
9 og Høgskulen på Vestlandet.

### Sakspresentasjon

- 10 Arbeidsutvalget har revidert og fremforhandlet et nytt forslag til samarbeidsavtale.  
11 Hovedendringene fra den gamle er en opprydding i det som står, og gjeninnføring av at  
12 studentorganisasjoner er dekket av avtalen.
- 13 Fra Universitets- og høyskoleloven skal avtalen dekke både studentdemokratiet og  
14 studentorganisasjoner. Det er dermed uheldig at definisjonene i den gamle avtalen ekskluderer de.
- 15 En del punkter fra gjeldende avtale er slått sammen fordi det var en høy grad av overlapp. Dette  
16 forslaget er dermed mer oversiktlig da deler som hører sammen nå ligger på samme plass.
- 17 Endringene fra gjeldende avtale ligger i vedleggene.
- 18 Avtalen er ferdig forhandlet med rektor, prorektor for utdanning og direktør for økonomi og areal.  
19 Om studenttinget foreslår endringer til samarbeidsavtalen, må den i det tilfelle tilbake igjen via de  
20 samme personene for at leiar og rektor skal kunne signere den.

### Saksbehandler sin vurdering

- 21 Forslaget til samarbeidsavtalen endrer på flere områder for både å oppdatere det i forhold til  
22 gjeldende praksis, men ivaretar nå også flere av de delene av studentmassen som ble tatt ut av  
23 avtalen ved forrige revidering.

### **Arbeidsutvalget sin innstilling**

- 24        *Studenttinget godkjenner forslag til ny samarbeidsavtale.*
- 25        *Studenttinget godkjente forslag til ny samarbeidsavtale, einstemmig vedtatt.*

## 1 54-24 Revidering av HVL sitt kvalitetssystem (D)

### Definisjonar

- 2 STVL Studenttinget på Vestlandet  
3 HVL Høgskulen på Vestlandet

### Vedlegg

- 4 [Informasjon om kvalitetssystemet](#)  
5 [Utdanningspolitisk plattform](#)

### 6 Føremål med saka

7 Studenttinget diskuterer og gjev innspel om Høgskulen på Vestlandet (HVL) sitt kvalitetssystem.

### Sakspresentasjon

8 Eit kvalitetssystem er meint for å visa kva for systematisk arbeid ein utdanningsinstitusjon gjer for å  
9 sikra at utdanningane held høg kvalitet. Alle studietilbod ved universitet og høgskular i Noreg skal  
10 tilfredsstillast nasjonale krav til utdanningskvalitet. HVL har derfor eit kvalitetssystem som skal bidra  
11 til læring, utvikling, involvering, medverknad, avdekking av sviktande kvalitet, synleggjering av god  
12 kvalitet, og hensiktsmessig organisering av høgskulen. I utdanningspolitisk plattform har  
13 Studenttinget også vedteke politikk som går direkte på kva me ønskjer og vil med kvalitetssystemet,  
14 men også punkt om praksis er knytt til dette.

15 Våren 2024 starta HVL opp eit arbeid for å jamleg revidera kvalitetssystemet sitt, og ber fakultet,  
16 administrasjon og studentane om å komma med sine innspel til denne revideringa. Studenttinget  
17 skal derfor få høve til å diskutera følgjande spørsmål knytt til HVL sitt kvalitetssystem:

- 18 1. Kva for høve har studentar til å gje tilbakemeldingar på emnenivå, og er studentane klare  
19 over desse høva?  
20 2. Korleis fungerer referansegruppene på emnenivå?  
21 3. Korleis fungerer studieprogramråda i fakulteta?  
22 4. Er spørjeundersøkingar (som til dømes Studiebarometeret) ein hensiktsmessig måte å få  
23 studentar til å evaluera utdanninga si på?  
24 5. Korleis bør tilbakemeldingar følgjast opp, og blir dei følgt opp i dag?

25 Innspel, tankar og andre svar på spørsmål skal sendast til [alexander.studenttinget@hvl.no](mailto:alexander.studenttinget@hvl.no)

### Sakshandsamar si vurdering

26 Sakshandsamar meiner det er særst viktig at Studenttinget gjev sine innspel når HVL no skal revidera  
27 kvalitetssystemet sitt. Kvalitetssystemet er omfattande, og sakshandsamar har i samråd med

28 Avdeling for utdanningskvalitet i HVL, vald å formulera spørsmål som er knytte til dei delane av  
29 systemet som er særleg relevante for studentane. Innspela frå Studenttinget og relevant politikk frå  
30 utdanningspolitisk plattform, vil bli sendte til HVL v/Avdeling for utdanningskvalitet i etterkant av  
31 ST3.

### **Arbeidsutvalet si innstilling**

32 Det blir ikkje fatta vedtak i diskusjonssaker.

## 55-24 Eventuelt (D)

### Sakspresentasjon

Saker til eventuelt må meldes opp og voteres inn under møtekonstitueringen. Alle eventueltsaker må være orienterings- eller diskusjonssaker, da det ikke kan fattes vedtak i eventueltsaker. Unntaket er resolusjoner eller uttalelser som kan behandles som vedtakssak dersom de blir tatt inn på dagsorden med kvalifisert flertall.

## Møteevaluering